

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 4

Arna April 1969

2. årgang

Kjende og kjære salmar

*Velt all din veg og vande
Og all din hjarteverk
På Far i livsens lande,
Han hev ein arm så sterk!
Han som kan stormen binda
Og bryta bylgja blå,
Han skal og leidi finna,
so du kan hamni nå.*

(Paul Gerhardt)

Skal tru kor mange det er som har funne
trøyst og styrke i denne salmen når storm-
ane i livet braut inn over dei?

Paul Gerhardt vart fødd i Saksen i Tysk-
land i året 1606. Han vaks opp i ei tid då

striden om den rette læra var både beisk
og hard, og det vart ei vanskeleg og tung
tid for han. I 1647 gav kantoren i Berlin,
Chrüger, ut ei koralbok med tekst, og 18 av
desse salmane var dikta av Paul Gerhardt.
Desse salmane vart folkesongar som vart
brukte både i heim og kyrkje.

Det vert sagt at ingen mann i den kristne
kyrkja har overgått Gerhardt som salme-
skald. Han har skrive 123 salmar, og av
desse er 40 omsette til norsk.

I 1669 kom han som prest til ein liten
by i Saksen, og der vart han verande til han
døydde i 1676.

O. H.

Fjellgardane i bestemor si tid og i mi

Sørhaug 10/4 1969.

I Arna kommune har me ei bygd som vert
kalla Fjellgardane. Namnet sitt ber ho med
rette, for fjell er her i alle storleikar og fa-
songar. Endå i dag vert bygda halden for å
vera ein utkant, langt utanfor «folkeskik-
ken». Men kor innestengt måtte det då ikkje
vera her på våre besteforeldre si tid, enn
sei då dei fyrste menneska byrja å rydda
seg gard og grunn her? No har me både veg
og telefon, men ein treng ikkje sjå så langt
attende før folk laut ta fjella fatt dersom
dei skulle or bygda. Før det kom kyrkje i

Arna laut folk gå over Herlandsfjellet til
Holo, og der i frå rodde dei til Haus. Slik
måtte dei gå anten det no var bryllaup,
barnedåp eller gravferd. Det vart no lettare
då dei fekk kyrkje i Arna, og etter kvart
vart det no rydda ein sti som litt om senn
vart så pass bra at dei kunne køyra med
hest og vogn. Men det har sikkert vore eit
isolert samfunn framleis, og eg kan mest sei
at det er det enno. Største skilnaden ligg
vel i at no må borna ut or bygda for å koma
til skulen, lenger bort dess eldre dei vert,
medan dei i bestemor si tid gjekk heile bar-

neskulen i eit lite skulehus midt i bygda. Eg veit ikkje korleis klassane var delte, eller om dei var delte i heile teke, men bestemor har fortalt om korleis elevane måtte hjelpa einannan. Såleis hende det visst ofte at dei eldste overtok mesteparten av undervisninga av fyrsteklassingane. Og hadde dei små vanskeleg for å fylgja med i klassen, fekk ein av dei største ta småen med seg bort i ei roleg hjørne og der gjekk så undervisninga i eit tempo og på ein måte som fyrsteklassingen betre kunne greia. Bestemor har fortalt at ho sjølv mange gonger måtte hjelpa til på denne måten. Seinare vart skulen flytta til Unneland, og skulehuset vart ståande tomt, og gjer det framleis. Elles og er det mykje som skil bestemor si barndomsbygd frå mi, sjølv om det er same bygda. Heile levemåten er totalt forandre i løpet av den mannsalderen som skil oss i tid. I hennar tid levde folk av jorda og buskapen, noko anna fanst her ikkje då. Sumarsdagen måtte dei i fjellet og mjølka kyrne og det kunna ta si tid. Ofte gjekk dyra langt til fjells. Men den som skulle køyra mjølka til meieriet laut passe tida, så dei laut rekna god tid. På myrane inni fjellet stod mange torvhus, og der samlast alle bøndene og tek torv, kvar til sitt bruk. Det gjekk mykje brensel i den tida, då dei laut fyra også for å kunna koka maten sin. Dette «å ta torv» var eit tungt arbeid, men likevel var det fest-stemming over arbeidet. Då samlast ungdomane og det var ikkje ofte dei hadde høve til det elles. Det var helst arbeid frå tidleg morgon til seine kvelden dersom dei skulle livberga seg på dei små og tungdrevne gardane. Likevel vart bestemor sin generasjon den siste som hadde bondeyrket som einaste leveveg her i fjellgardane. Det var no elles ikkje heilt fritt for at mannfolka også då periodevis laut ta arbeid utanfor garden, og då var det vanlegvis vegbygging dei dreiv med. I mi

tid er det nett omvendt. No har så godt som alle fast arbeid utanfor bygda, men om sumarane er dei heime og arbeider på garden. Framleis er bygda avsides, men langt frå så isolert som før. Mest kvar familie har bil, veg har alle, så avstandane er ikkje så store lenger. Dei unge som er fødd og oppvaksne her trivst med fjella og freden mellom dei, og dei byggjer seg hus og sler seg ned her med sine familiar. Endå framande har mot til å byggja og bu her, så det spørts kor lenge det går før det vert regulering og dirigering av myndigheitene her også.

Men kjekt er det å sjå at det veks og utviklar seg også her oppe i avkroken vår, og det ikkje vert som mange liknande stader der folk reiser bort og legg heimbygda aud etter seg.

E. Bjørndal.

Jubileum på Arnatveit

Midfastesundagen hadde dei ei høgtid på Arnatveit som skal nemnast. Sundagsskulen der hadde 20 årsjubileum. For så lenge er det sidan barnevenen Jens Berg fekk skulen igong. Dei heldt seg fyrst på kafeen. Og Leif Angelskår og Marta Pedersen dreiv skulen. No er det nye folk: Albrikt Ivarsflaten, Asbjørn Birkeland, Gunnar Grøteide, Reidar Bø, fru Bognøy. Nytt samlingsrom har dei og no. Huset høyrer til Arna Bruk, og det har dei fenge nytte gratis gjennom alle år. Ragnvald Solberg var ikkje til stades på festen, men ein blom sende dei han til takk. Men festen var fullsett med gjester. Sundagsskulefolk frå krinsane i Arna. Ja frå Haus og. Ein syngjande og spelande ungdomsflokk frå bibelskulen var og tilstades og frk. Haugland.

Det var 1040 gonger dei hadde samla borni ialt. Og viljuge var dei å møta fram. Dei fekk halda sundag og held ved å koma slik.

Rett nok heldt ikkje me mål og borni drog frå oss med alderen, men likevel, her fekk småane for fyrste gong sitera og lesa bibelord. Det var mange døme på at arbeidet ikkje var fäfenget. Mangt skjer i det stille og i det dulde. Jesaija sine ord kunne ein jamt koma i hug. «For liksom regnet og snøen fell ifrå himmelen og ikkje fer oppatt dit fyrr det hev vatna jordi og gjeve henne grokraft og grøda, ja gjeve såkorn og brødkorn, so skal det vera med ordet mitt som gjeng ut or munnen min. Det skal ikkje kome att til meg tomt, men verka det som eg vil, og fullføra det som er sende det til.» (Jes. 55,10). Eller preikaren sitt råd: «Send brødet ditt burt yver vatnet — for lenge

etterpå finn du det att.» (11.). Elles gamle Salomo vismann: «Lær guten vegen han skal gå, så vik han ikkje ifrå um han vert gamal.» (22,6). Eller Paulus: Gud er mektig til å gjeva dykk all nåde i rikt mål, so de i alle ting alltid kan hava all nøgd og vera rike til all god gjerning.» (2. kor 98).

Biskop Marthinussen var sundagsskulegut. Ikkje berre positive reaksjonar hyste han. Men fekk ikkje kompleks. Han lærde av skulen at ikkje alle kristne skulle støypast i same form. Og han takka Gud for sundagsskulen han fekk gå på. Faren var lærar der. Og då han reiste til Oslo som student, fann han det sjølv naturleg for seg å gå inn i det arbeidet.

Utgreiding på helselaget sitt årsmøte

Ved Lars Taule

Omsuta for dei eldre er f.t. vårt største sosiale problem. Så vel av reint menneskelege — som av sosiale/økonomiske grunnar — er det difor naudsynt å først freista analysa bygda sin trong — og der etter leggja planar for utbygging av eldre omsuta for eit rimeleg tidsrom.

Men er det så sant dette at eldreomsuta er så mykje meir prekær i dag enn for t.d. 10 år sidan?

Eit døme: Arna Aldersheim var ferdig til innflytting for ca. 12 år sidan. Ein stor og god heim — bygd for oppegåande eldre. Då spørsmålet om pleiepasientar vart nemnd — opplyste styret at når dei gamle vert pleietrengjande kjem dei på sjukehus — så noko pleieavdeling var ikkje aktuell. Derimot var dei redd for å ikkje få fyllt aldersheimen. Alt for fleire år sidan tok bortimot halvparten av belegget til å verta pleiepasientar, og av ei samla venteliste i dag på ca. 50 — er 20 pleiepasientar. Så fort har stoda endra seg.

Hovudgrunnen er at aldersgruppa over 70 år har auka mykje sterkare og raskare enn nokon hadde venta — og levealderen fortset å auka.

Ein skal vidare merka seg at det er gruppa av dei eldste av dei eldre som aukar forholdsvis mest. Og dette peikar mot større trong for pleie. Gruppa mellom 90 og 100 år har vorte fleirdobla i løpet av få år. Dette er ein heilt generell tendens i landet. Sjølv i Arna der me har ein etter måten ung befolkning gjev det seg store utslag. Eg kan såleis nemna at i ein 10 års periode 1964 — 1974 reknar ein med at total folkemengde i kommunen vil auka med 75 % medan aldersgruppa over 70 år vil ha ein auke på ca. 150 %.

Ein annan viktig faktor som gjer eldreomsorga så aktuell — for ikkje å seia akutt er den auka sysselsetjing. Med det meinar eg den sysselsetjing i inntektsgjevande arbeid som har reinska våre bygder for heimeverande døtre og andre slike som før i

tida tok seg av dei gamle og uføre. Svigerdøttre og andre husmødre er også delvis ute i arbeidslivet. Dette er ein utvikling som har kome godt i gang og den kan ikkje stansast. Fylgjene for dei eldre vert at dei må hjelpast på annan måte. Me ser altså at talet på eldre og pleietrengjande aukar raskt — medan talet på familiemedlemar som kan ta seg av dei minkar like raskt. Ein tredje faktor som aktualiserar den offentlege eldreomsuta vil eg og peika på. Den er av meir gledeleg art. Det er den stoda våre eldre er i ferd med å koma i reint økonomisk. Våre eldre får si folketrygd — snart får dei og tilleggs pensjon. Dei vert uavhengige og set sine krav til velstans/velferds/samfunnet.

Dette er no òg me *klårt* må merka oss når me skal setja i verk tiltak som får konsekvens for framtida.

Me må lytta til dei eldre og forhøyra oss om kva måte dei ynskjer å verta hjelpt på.

Me skal ikkje berre hjelpa dei eldre til å eksistera. Me har og plikt og ansvar til å gje dei trivsel i sin alderdom.

Legevetskaper har kome svært langt når det gjeld å leggja år til livet (forlengja livet). Det vert vår oppgåve å leggja *liv til åra*.

Den «gamle» måten å løysa dei eldre sin problem på var å byggja ein gamleheim — og ein meinte at dermed var saka løyst til bata for alle partar. Me skal ikkje gå så langt attende før desse heimane hadde preg — og ord for å vera «fattig gardar».

Det var ikkje berre eldre — men og åndsveike, grensetilfelle av sinnslidande og slike som ikkje heilt kunne ta vore på seg sjølv av andre grunnar som fekk plass i desse heimane. Ettersom ulike institusjonstypar så som åndsveikeheimar o.l. etter krigen har fått ei sterk utbygging har ein etterkvart fått skild ut dei som høver minst i gamleheimane. Men endå i dag er det ein

stor — og akutt — trong for differansiering av belegget ved dei aller fleste gamleheimane i landet. Eg tenkjer her på den blanding me finn av vanlege oppegåande eldre, pleiepasientar, senil demente og slike som kunne klart seg sjølv utanfor gamleheim — med litt hjelp og tilsyn.

Som einaste hjelpemiddel for hjelpetrengjande eldre er gamleheimen i si nærverande form fullstendig avlegs. Dette like mykje av økonomiske — som av trivselsgrunnar. Det må i kvart einskild tilfelle vurderast kva hjelpetiltak som er mest høveleg for *den som treng hjelpa*. Korleis kan og bør me så hjelpa dei eldre i dag — og korleis bør me leggja opp denne hjelpa med tanke på framtida?

I ei rekkje ulike kommunar har det vorte føreteke ei behovsanalyse — der dei eldre har vorte intervjuar om sitt syn på kva hjelpetiltak dei ynskjer når dei ikkje lenger klarte å hjelpa seg sjølv heilt ut. Ut i frå dette har me fått prøvd mange nye hjelpemiddel — eller tilbod — til dei eldre. Og di meir differansiert — midlane vert — di nærare kan ein koma dei eldre sine eigentlege ynskje, og hjelpa dei på den mest høvelege måten. Eg vil nå peika på ein del av desse hjelpemidlane og byrja med dei enklaste og mest rimelege:

1. *Nabohjelp* — eller *vitjingsteneste*. Denne tenesta er oftast ordna på frivillig basis gjerne gjennom diakonat — menighetspleie — eller humanitære organisasjonar. Den tek sikte på å halda kontakt med eldre som elles vil gli inn i isolasjon. Einsemnda er svært ofte dei eldre sin fiende nr. 1 Her har me alle ei stor oppgåve som *medmenneske* — der me kan tilføra dei eldre nye impulsar, syna dei omsorg og hjartevarme og hjelpa dei med å halda vindauga mot omverda åpent

Ikkje sjeldan kjem eg til einslege eldre som sjeldan og aldri får vitjing. Dei sjuk-

nar vekk i si einsemd og dreg seg inn i sitt eige skal.

Kanhende høyrer dei tungt og ser lite — kontakt-brotet med omverda vert berre di større. Dei får si trygd — og har det økonomisk bra, men deira naud er av ein annan karakter som ikkje vert avhjelpt med ein postgiroblankett.

Slike einslege finn me også i våre gamleheimar!

2. *Heimehjelp*. Svært ofte syner det seg at dei eldre kan fortsetja å bu heime dersom dei får litt hjelp i huset. Det er gjerne hjelp til vask, innkjøp og litt matlaging som er aktuelt. Ofte er det husmødre som har fått borna litt frå hendene som tek slike oppdrag, ein eller fleire gonger i veka. Dette verkar kontaktskapande på same måte som vitjingstenesta. Godtgjering som heimhjelp vert også ytt til nærskylde som har eldre i pleie — eller under tilsyn. Særleg når dei eldre elles måtte ha institusjonsplass.

3. *Husmorvikarordning*. Denne ordninga var opprenneleg ikkje etla til dei eldre. Nå har ein likevel einskilde stader fått god røynsle i å nytta faste husmorvikarar til eldre. Det vert gjort ved at ein husmorvikar får utdelt nokre eldre som ho går til skiftevis 1 eller 2 dagar for veka. I sume høve kan ho dela ein dag på to huslydar. Det er til stor hjelp og oppmuntring for dei eldre at dei får kjenna seg ajour med husarbeidet og at dei får riktig samsett kost — i alle høve nokre dagar for veka. Dei vil ved dette halda seg i betre form fysisk og psykisk — og innlegging i institusjon kan utsetjast.

4. *Heimesjukepleie*. Dette er ein gamal og velkjend ordning — og fullt så aktuell i dag som den har vore før. Når denne ordninga verkar saman med dei førenemnde — er det utruleg kor lenge dei eldre kan hjelpa seg utanfor institusjon.

5. *Velferdsenter for eldre*. I si heilt utbygde form finn ein desse helst i byar og

tettbygde stork. Men tilpassa dei lokale forhold må ein kunne få til noko på bygdene og. Det er gjerne eit helselag eller liknande som står bak desse sentralene der dei eldre kan koma og få ulik form for hjelp t.d. hårpleie og fotpleie. Der er gjerne litt «trimm» og hobbyverksemd — og einskilde senter delar ut middagsmat til ein rimeleg pris.

6. *Dagheim for eldre/uføre*. Slik dagheim er planlagt i vår nye sjukeheim ved Arna Aldersheim.

7. *Trygdebustader*. Ein heil del eldre bur i saneringsmodne hus, og ofte vantar tekniske hjelpemidlar — som yngre folk reknar for sjølvagde ting, t.d. innlagd vatn, vannklosett og bad. Ved sida av dette er husværet gjerne trekkfullt og tungvint med omsyn til tropper og anna innreling.

Ofte ligg bustaden også svært ulagleg til reint geografisk — langt til grannar, kjøpmann o.s.v.

Mange av dei som fyller våre gamleheimar i dag er innlagd av grunnar som her nemnd. Dersom desse heller hadde fått tilbod om eit lettstelt husvære — gjerne på ein sentral stad — og med heimhjelp og tilsyn av menighetssøster, vill dei kunna levd sitt eige liv *utanfor* gamleheimen i mange år enno.

Med dette syner det seg at ein oppnår to vesentlege ting: Nemleg større trivsel — ved å ha sitt eige husvære utanfor institusjon og ein mykje rimelegare ordning for dei som skal betala det.

Ein institusjon er kostbar å reisa — og han er dyr i drift og dei fleste av dei eldre maktar ikkje å betala halvparten av det opphaldet kostar. Trygdebustader derimot kan reisast ved hjelp av Husbanklån. Drifta kan sikkrast ved husleigetilskot til dei som har trong for det.

Når ein person kjem i den stoda at han treng tilsyn og hjelp både dag og natt vert det aktuelt med innlegging i

8. *pleie- eller sjukeheim*. I dag er det ein skrikande mangel på slike plassar. For vår del har me måtte sendt pasientar svært langveis for å få dei plassert. Me har såleis måtte plassera våre frå Bøvågen i nord til Tysse isør. Dette er i høgste grad eit uverdige forhold — å måtta senda dei gamle slitarane langt utom kommunen når dei kjem i den stoda at dei ikkje kan dra omsut for seg sjølv lenger. Dei vert heilt skild både frå bygda si og folket sitt. Det må vera eit heilt rimeleg og sjølv sagt krav at dei gamle må få tilbringa sin alderdom i så nær kontakt som råd er — med det miljø dei er vane med. Alderdomen i seg sjølv verkar isolerende nok om ikkje me skal fullbyrda denne isolasjonen ved å senda dei milevis av stad — når dei har kome i den stoda at dei meir enn nokon gong er avhengig av slekt og vener.

Våre institusjonar som i dag tek imot pleiepasientar og andre — bør og koma ut or den sløve stillstand dei nå er inne i — og verta meir aktive avdelingar. Det bør ikkje verta innlegging på livstid i alle høve. Private heimar som har pleietrengjande må kunna få avlastning for ei tid. Like-eins må passive heimeverande pasientar få eit aktiviseringsopphald — så dei vert meir sjølvhjelpne når dei kjem heim att. Dette krev ein meir elastisk innleggingspolitikk — det krev og meir og meir kvalifisert hjelp i våre institusjonar. Så som fysioterapeuter og arbeidstrenarar.

Framhald neste nr.

M. F. sine suter for nybygget sitt

Soknepresten i Arna har og fenge oppmoding om å hjelpa til. Dei har fenge litt frå kyrkjelyden vår kvart år, som dei er takksame for, men å fullføra bygg i våre dagar er ei dyr sak. Difor sender dei si bøn — kanskje til sine trugnaste vener iser. Eg

Konfirmantane våre 1969

Eg sit og skriv namn og prøver å finna fram til dei rette andlit. Lesingi er yver — berre konfirmasjonsdagen står att. Den siste og store dag i høgtidi. Det er vel den dagen som er størst? Eg veit mest ikkje kva eg skal segja. Men det renn meg i hugen — eit «minne» som var skrive i minneboki. I vår ungdomstid hadde me minnebøker. Var det nokon som kom heim frå ungdomsskulen, hadde dei slike bøker. «Minnast meg, takk for i vinter.» Og so eit kvart rim nedunder. Eg hugsar eit flott eit: «Livet er kort, kunsten lang. Hele vårt liv er en skolegang». Ja sanneleg — det er soleis med konfirmasjonen vår og. Heile vårt liv er ein konfirmasjonsdag. Kvar ny dag du får, skal du prøvast. Du får høve til vedkjening og forneking. Både med ord og gjerning. Eg trur de får konfirmasjonsdagar frametter no. Mange og viktige. Me får beda for kvarandre som læresveinane gjorde: Gjev oss meir tru? Og syngja med kvarandre: Hjelp meg, min Jesus, å hjelp meg å vinna! Ofte eg strider med skrøpeleg dug. Sjå då kor syndi kan hendene binda, so eg i striden er veik i min hug. Frelsarmann blid, før du min strid, so eg kan vinna i trengsla si tid.

Hjelp meg, min Jesus, å hjelp meg å vinna! Ingen ting orkar mi vesale tru. Um ikkje nåden som soli fær skina inn i mitt hjarta, det fatige bu. Myrkret fordrev, styrke meg giv, kjærleik lat verna mitt hjarta og liv!

Takk for i vinter.

E. T.

fekk ei liste for å setja namn på dei som tenkte seg vera med i dugnaden no i 1969. Eg har fenge eit namn N.N. kr. 100,— Er det nokon som vil vera med kan dei melda seg til meg og eg skal fylla på lista eg fekk og senda inn.

E. T.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 22.3. Jan Erik, foreldre: Nils Ingvar Skjelanger og k. Sølvi f. Kvinge.
 22.3. Merete, for.: Asbjørn Vaagene og k. Wenche f. Larsen.
 22.3. Wenche, for.: Olav Kåre Vabø og k. Sonja Marie f. Ramsdal.
 23.3. Kurt Arne, for.: Asbjørn Nesse — Gudrun f. Ytrearne.
 23.3. Anita, for.: Norvald Nikolai Hetlevik — Eli Margrete f. Ytrearne.
 30.3. Inge, for.: Arne Frøyen — Agnete f. Felde.
 30.3. Annelise, for.: Agnar Mjelde — Minna Marie f. Larsen.
 30.3. Kjersti, for.: Jens K. Hauge — Margot f. Lohne.
 30.3. Unni Kristin, for.: Haldor Andreas Romslo — Bjørg Ragnhild f. Langhelle.
 3.4. Geir, for.: Gunnar Markhus — Aasta Kristina f. Spartveit.
 4.4. Roger, for.: Hermod Gundolf Hansen — Aud Eline f. Sandvær.
 12.4. Morten, for.: Magne Rolland — Britt Henny f. Høyvik.
 19.4. Anita, for.: Hang Agnar Thorsvik — Venke Karin f. Eriksen.
 19.4. Britt, for.: Knut Aune — Grethe f. Erichsen.

VIGDE:

- 22.3. Kjell Ove Borge — Mary Kirsten Nesheim.
 22.3. Paul Sverre Lekven — Bjørg Kjellaug Hundhamar.
 29.3. Magne Mjelde — Alvhild Bidne.
 29.3. Hans Solberg — Liv Kvalvåg.
 29.3. Torleif Lund — Berit Johanne Åsheim.
 2.4. Terje Magnus Natås — Marit Karin Fivelsdal.

- 2.4. Reidar Bakke — Berta Nesset.
 5.4. Torolf Selberg — Lilly Johansen.
 12.4. Rune Bjørnar Hole — Asbjørn Ingrid Pettersen.
 19.4. Jostein Anthun — Kari Brunborg.
 19.4. Erling Gjervik — Alma Marie Helle-sund.

AVLIDNE I ARNA:

- 16.3. gbr. enkja Ingeborg Småland f. 1890.
 21.3. gift steinarb. h.v. Johan Anderson Herland f. 1882.
 24.3. gbr. enkja Elisabeth Birgitte Minde f. 1888.
 26.3. gbr. kone Magda Garnes f. 1917.
 1.4. lærar enkja Oleanna Tøsse-Furnes f. 1877.
 5.4. jarnvegsarb. kone Kaia Kjellby f. 1916.
 12.4. gift arb. Magnus Johannesson Åsheim f. 1912.

DØYPTE I YTRE ARNA:

- 9.3. Geir Ivar, foreldre: Audun Johs.sen — Grete f. Skilbreid. (døypst i Arna).
 23.3. Kjell Arild, for.: murar Harry Borge — Marie f. Sæbø.
 23.3. Geir Ove, for.: tekstilarb. Valter Nesse — Aud f. Namtveit.
 23.3. Atle og Frank, for.: stuert Kjell Gjerde — Aud f. Nordbø.
 23.3. Janne Iren, for.: eksp. Jan Blomdal — Ingunn f. Henriksen.
 23.3. Bente, for.: tekstilarb. Jan Johansen — Randi f. Eikeseth.
 23.3. Gry, for.: gullsmed Villy Vangsnes — Mary f. Halland.
 30.3. Jon Erlend, for.: sosialsk.elev Per Kristian Dælen og Kari Johanna f. Nævdal.
 30.3. Inge Lise, for.: tekstilarb. Olav Fonn — Solveig f. Halsnes.
 30.3. Hege, for.: posteksp. Hans Haugsvær — Jorunn f. Vevle.

Spar for framtida!

Ei bankbok er det beste grunnlag for å sikra barnas framtid.

Ei reserve i banken skapar tryggleik. Vegen til ordna økonomi går gjennom regelmessig sparing.

BANK DET INN PÅ KONTO!

Arna Privatbank

- 30.3. Margrethe, for.: ing. Poul Witten-
dorff Ibsen — Bodil f. Hjortland.
- 30.3. Sarah Irene, for.: ing. Odd Kvæle —
Målfrid f. Nordbø.
- 6.4. Roy, for.: postbod Åge Havre — Ran-
di f. Godøy.
- 7.4. Kåre Bjørn, for.: konsulent Kåre
Voldsund — Else f. Vikne (i Gursken
kyrkje).
- VIGDE:**
- 22.2. fabr.arb. Jan Erik Scheldrup — fabr.-
arb. Jorid Helga Langøy.
- 8.3. sjåfør Jan Gunnar Ingvaldsen — elev
Margit Brandsdal.
- 5.4. forsk.snikkar Reidar Valland — kon-
torist Anny Ruth Ulstein.
- 12.4. målar Kåre Atle Asheim — butikk-
jente Oddveig Margrethe Kallekleiv.

DØDE:

- 28.2. tidl. syerske Anne Vevle f. 12.6 1888.

- 24.3. fabr.arb. Tor Mikal Larsen f. 20.4.
1947.
- 12.4. pensjonist Olaf Martin Olsen f. 30.10.
1897.
- 12.4. Olav Amandus Mjelde f. 28.5 1887.

Preikeliste for Arna prestegjeld

1. mai:

Arna kyrkja kl. 19.00. Indremisjonen. Mikal
Landro talar. Musikk v/ diakon Jensen. Kol-
lekt til bedehus.

Sundag 4. mai:

Arna. Tesdal. Nattverd. Konfirmantane er
og velkomne.
Ytre Arna: Hope. Konfirmasjon.

Sundag 11. mai:

Arna: Tesdal.
Ytre Arna: Hope. Nattverd. Konfirmantane
er og velkomne.

15. mai. Songen sin dag.

Arna kl. 20.00. Musikk- og songandakt. Hauge
Songlag og organist Reidar Hauge.
Trengeid. Stemne for Indremisjonen.

17. mai:

Espeilandshallen og Arna kyrkja. Offer til
Helselaget.
Ytre Arna: Hope.

Sundag 18. mai:

Arna: Hope.
Trengeid: Tesdal.

Sundag 25. mai:

Arna: Tesdal.
Ytre Arna: Hope.
Trengeid: Om kvelden kl. 18.00. Tesdal.

Bladstyrar er Sogneprest E. Tesdal, Indre Arna.
Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.
Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —